

Fra: Guro Klyve

Sendt: 05.07.2018 17:19:20

Til: ARNE GUNLEIV HAUGSVAeR

Kopi:

Emne: Forespørsel om kjøp av deler av Leirvik gard, Fløksand.

Vedlegg: Opsjonsavtale for eiendommer i Meland kommune (002).pdf;Kjøpsavtale for eiendommer i Meland kommune (002).pdf;image002.png

Hei.

Vi viser til samtale i dag samt til e-post under frå 1. juli 2018.

Fylkestinget fatta den 7. mars 2018 følgjande vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner at gnr 4 bnr 1, 25 og 63 i Meland kommune vert lagt ut for sal i den opne marknaden i samsvar med vedlagte opsjonsavtale og kjøpekontrakt.
2. Høgaste bod skal godkjennast av fylkesutvalet.
3. Innan utløpet av opsjonsperioden, vert fylkesrådmannen beden om å avklara om det kan vere aktuelt å løysa ut heile eller delar av strandområdet med tanke på allmenn tilgang til friluftsområde, og om Bergen og omland friluftsråd (BOF) kan vere aktuell gjennom bruk av ordninga for statleg sikring av friluftsområde.

Vedlagt følgjer utarbeidd opsjonsavtale og kjøpekontrakt som det er vist til i punkt 1 i vedtaket.

Eigedomsavdelinga er no i dialog med Bergen og Omland friluftsråd om punkt 3 i vedtaket.

Næringsmeklar i Fana Sparebank Eiendom AS er i gang med å utarbeide salsoppgåve for eigedomen, og den vil verte lagt ut for sal i den opne marknaden til hausten.

I tråd med vedtaket skal eigedomen seljast som eit heile (med unntak av evt. strandområde etter punkt 3), med dei rettane og pliktane som ligg til eigedomen, og vi vil derfor ikkje kunne selje ut delar av Leirvik gard.

Vi kan såleis ikkje imøtekome ønsket om kjøp av 90 daa av gnr 4 bnr 1.

Med helsing

Guro Klyve

Leiar forvaltning

Eigedomsavdelinga



Mobil: 98 21 22 67

www.hordaland.no

Fra: ARNE GUNLEIV HAUGSVAeR <ar-gunle@online.no>

Sendt: søndag 1. juli 2018 15:20

Til: Guro Klyve <Guro.Klyve@hfk.no>

Emne: Forespørsel om kjøp av deler av Leirvik gard, Fløksand.

Hei.

Viser til ein hyggjeleg telefonsamtale i juni.
Her kjem forespørselen med kart og flybilde.

Mvh Arne Gunleiv Haugsvær